



Huset sett frå sjøsida. Foto: Arlen Bidne, Sogn og Fjordane fylkeskommune



Stove i huset. Foto: Elisabeth Tonheim

Kunstnarheimen i Balestrand

Rundt år 1900 var Balestrand ein populær plass for kunstnarar, som kunne male i det vakre lyset og leve nær naturen. Her budde mor og dotter frå Tyskland kvar sommar, i eit hus som no er redda frå forfall.

AV TURID ÅRSHEIM, RIKSANTIKVAREN

Opp gjennom historia har kunstnarar jakta på det rette lyset for kunsten. I Balestrand i Sogn og Fjordane fann dei både storslagen natur og særigne lysforhold. Fleire av kunstnarane bygde seg eigne villar, der dei budde og arbeidde om somrane. Mange av husa deira vart utforma i dragestil, eit typisk trekk ved arkitekturen i Balestrand.

Heimdalstrand

Ein av kunstnarane var Emma Normann Pastor (1871-1954) frå Düsseldorf. Ho malte fleire bilete med motiv frå Balestrand, og har mellom anna malt altartavla i Engelsk-kyrkja St. Olavs kyrkje i Balestrand. Saman med mannen Willy Pastor bygde ho sitt eige sommarhus her i 1910–Heimdalstrand. Emma skal sjølv ha teikna både huset og dekoren, som treskjeraren Ivar Høvik sto for. Etter kvart vart det skilsmisse frå mannen, og Emma overtok huset.

Også dottera Helga Normann, fødd 1902 i Berlin, var kunstmålar. Helga var

utdanna i dans og gymnastikk, dreiv eigen danseskule i Berlin frå 1928, og var ballettdansar ved operaen i Berlin fram til den andre verdskrigen.

Sommar i Balestrand

Emma og Helga flytta til Noreg under krigen, då Berlin vart bomba. Dei budde i Oslo om vinteren og i Balestrand om sommaren, og flytta aldri attende til Tyskland. I Balestrand arbeidde dei, og selde arbeida sine til turistane som kom til Balestrand i sommarsesongen.

Fjordturismen, som hadde starta alereie på 1800-talet, hadde skapt ein marknad for kunsten. Emma Normann Pastor hadde bilete for sal mellom anna på Kvikne hotell, men ho selde òg direkte frå Heimdalstrand. Når ho, og seinare Helga, var på Heimdalstrand, hengde dei opp skilt på porten slik at turistane kunne kome innom.

Freding og restaurering

Historia fortset nesten heilt fram til vår eiga tid. Emma døydd i 1954, men Helga reiste framleis til Heimdalstrand om som-

rane fram til midten av 1980-talet. Ho døydd i 1987, og både sommarhuset og atelieret vart ståande som då Helga brukte det. Mykje av den gamle hagen er bevart, med stiar, trapper, brygge og gamle planter og tre.

I Balestrand er det framleis dei som kjente Helga. Etter sterkt lokalt initiativ vart det sett i gang fredingssak for Heimdalstrand. Elisabeth Tonheim og Tor Mjelstad kjøpte det overgrodde huset i 2015, og har gitt seg i kast med restaurering. I 2017 vart huset freda, med eit opent arrangement i september.

Kjelder

NRK Sogn og Fjordane fylkesleksikon
NRK. Nytt liv i bortgøymd kulturskatt
Fredingsvedtaket for Heimdalstrand